

Denne plata er me glade for å kunne dele med dykk.
Me spelte den inn i løpet av nokre junidagar i 2017 med Tor Magne Hallibakken, i Hallibakken Studio i Hallingdal.
Med vide øyre og auge ut over morgonroda, har me henta inspirasjon både frå det gamle og det nye. God lytting!

– Helsing Rasmus, Helga, Selma, Andreas og Fredrik

**Side A**

**Tjuvgangar**
Ein god ven av Morgonrode stal ein gong ein horveleg stor raudost. Etter denne hendinga laga Rasmus ein gangar til ære for stortjuven.

**Kitte kitte**
Geitelokk frå Valdres.
Lært etter opptak med Kristin Gulbrandsen.

*Kitte kitte, geitadn mina*
*Langt nord i fjelle går dina*
*Sumbla vøro blåe, sumbla vøro gråe,*
*sumbla vøro ljørende kvita*
*Døkka, døkka, døni og så døkka*
*Snyplinggeiti og langspena*
*Løkrast va ho Frieist mi og finast va ho Frødna*
*Ti mann og åladn, bukken går i lundi*
*med grønt blad i munde*
*Tiri-tiri ringji, småe fugla syngji*

**Sylkjigulen**
Her har me brukt eit motiv frå lydarlåtten Guro, og lagt til eigne motiv og improvisasjonar.
Til slutt landar me i springaren Sylkjigulen, som me har i form etter Tore Bolstad.

**Side B**

**Kivlemøyane**
Gangar inspirert av fleire variantar.
Tekst av Selma, inspirert av forteljinga om Kivlemøyane. Dei spelte så fint på fløyte at kyrkjefolket ikkje høyrde etter kva presten sa, og dermed forbanna han dei tre kivlemøyane til stein til evig tid.

*Kirka ringte inn alle folka en søndag,*
*der stod presten og leda et bønnlag*
*Vil ikke tro hva de skulle høre,*
*og hva det fikk presten til å gjøre*

*For ingen kunne høre hva presten prakka,*
*for det groova så rått i fra bakka.*
*Der stod søstrene Kivlemøyan,*
*«ikke hør på de tøytene der», sa han.*

**Tora**
Dette er ein bånsull som Selma laga til veslesyster si, Tora. Bånsullen vart til ein sein sundagskveld i Lakkegata i desember 2016. Her budde Selma, Rasmus og Helga ei tid i kollektiv og det var her dei fyrste ideane til morgonrode kom til.

*So ro bådnet, no ska Tora søva*
*So ro bådnet, no ska Tora søva*
*Heim kjeme storesyster, heim kjeme storebroder*
*Heim kjeme vesle katta, heim frå den kalde natta*

*So ro bådnet, no ska Tora søva*
*So ro bådnet no ska Tora søva*
*Pappa kjeme heim att no, då ska Tora søva i ro*
*Og der kjeme Karro, då ska Tora søva i ro*

**Nu lukker seg mitt øye**
Kveldssalme som me har etter Gunnlaug Lien Myhr. Teksta som ho fann i Landstads reviderte salmebok, inspirerte henne til å lage denne melodien ein gong på 80-talet.

*Nu lukker sig mitt øie, O fader i det høie.*
*I varetekt mig tag fra synd, fra sorg, fra fare.*
*Din engel mig bevare, som ledet har min fot i dag.*

**Side A**
1. Tjuvgangar
2. Kitte kitte
3. Sylkjigulen

**Side B**
4. Kivlemøyane
5. Tora
6. Nu lukker seg mitt øye

**Selma French Bolstad**: nyckelharpe spor 1, 4, 5 og 6, vokal spor 2, 3, 4 og 5, hardingfele spor 4, mbira spor 2
**Rasmus Kjorstad**: oktavfele, vokal spor 3 og 5
**Helga Myhr**: hardingfele, vokal spor 2, 3, 5 og 6
**Fredrik Luhr Dietrichson**: kontrabass, vokal spor 3
**Andreas Skår Winther**: trommer, vokal spor 3

Alle arrangement av Morgonrode

Spelt inn i Hallibakken Lydstudio av Tor Magne Hallibakken, juni 2017
Miks av David Aleksander Sjølie og Morgonrode
Master av Morgan Nicolaysen i Propeller Masterings AS
Illustrasjon av Selma French Bolstad
Grafisk formgjeving av Christian Meaas Svendsen

Takk til:
Frode Rolandsgard og Niels Jørgen Røine frå Ta:lik, Asgaut Bakken, Anders Erik Røine, Gunnlaug Lien Myhr, Tore Bolstad, Kristin Gulbrandsen, familie og vener

Utgjeven med stønad frå Bandorg og Frifond



ta:lik
www.talik.no
7 090010 522251

Morgonrode

TA197

# MORGONRODE



Helga Myhr | Rasmus Kjorstad | Selma French Bolstad
Andreas Skår Winther | Fredrik Luhr Dietrichson